

Nei til energibyrådirektivet – norsk energipolitikk skal styrast i Noreg

Forslag til uttale på årsmøtet 2018.

Stortinget handsamar den 16. mars Noreg si eventuelle tilslutning til EU si energipakke 3, energibyrådirektivet og ACER (Agency for the Cooperation of Energy Regulators). ACER skal ha handhevings- og vedtaks-mynde som vil gripa inn i nasjonal styring og kontroll. ACER skal overvaka både nasjonale reguleringsmyndigheiter og systemoperatørar i EU- og EØS-landa. Overvåkinga skal sjå til at EU sitt regelverk for elektrisitet- og gass-marknaden vert følgde og gjennomførde.

I samband med denne saka, og for å stetta EU sine krav, vil regjeringa etablere eit nytt forvaltningsorgan, RME (ReguleringsMyndigheit for Energi). RME skal via ESA, instruerast av ACER, og dette forvaltningsorganet skal vera fristilt frå styring av nasjonale styresmaktene (Regjering og Storting). Det er berre ACER som skal ha myndigheit over RME.

ACER har som formål å laga eit felles europeisk nett for både gass og straum der nasjonale omsyn ikkje skal takast. Det er all mogleg grunn til å frykta at Noreg vil importere europeisk straumprisnivå, eit nivå som er noko høgare enn det me har. Dette vil kunna få store negative konsekvensar for den kraftforedlende industrien i landet vårt, som kan mista konkurransefordelen denne industrien har hatt over tid. ACER skal også avgjera reglar for når straumen skal flyta den eine eller den andre vegen gjennom eksportkablar. EU-byrået vil også avgjera kven som skal betala ved usemje nasjonalt og mellom nasjonar. Det er tvilsamt om Noreg kan stansa eksportkablar ut frå nasjonale omsyn.

Fri flyt av energi, nasjonal og internasjonalt, slik energibyrådirektivet legg opp til, vil svært truleg auka bruken av effektkøyring, dvs raskare opp- og ned-tapping av vassføringa i vatn og vassdrag. Dette vil ha store negative konsekvensar på dyre- og plante-livet knyta til aktuelle vassdrag og innsjøar, og for fisken i desse områda. Dersom den kraft-krevande industrien flaggar ut som følge av for høge straumprisar i Noreg, kan konsekvensen vera produksjon i lågkostland der kol-og kjerne-kraft er innsatsfaktoren på energi-sida. Dette vil gje ytterlegare negative verknader på klimaet totalt.

Energiunionen er eit viktig sak for EU og den vil utan tvil auka den overnasjonale styringa, slik EU sin kongstanke er på dei fleste politiske område. Meir overnasjonal styring har som konsekvens at den nasjonale styringa vert mindre og får eit meir og meir snevert handlingsrom.

Mange er med god grunn uroa for ei eventuell tilslutning til energibyrådirektivet / ACER. Det som også uroar, er det at Regjeringa ønskjer å avgjera denne saka med simpelt fleirtal og ikkje ved å nytta § 115 i Grunnlova. Nei til EU står saman med juridisk ekspertise i å meina at dette er avståing av suverenitet, og at det difor skal handsamast etter § 115. Nei til EU delar også den skepsisen som er i fagrørsla, naturvernarar, politiske parti med fleire.

Hordaland Nei til EU krev at makta over krafta framleis skal vera hos norske styresmakter. Me krev primært at Regjering og Storting stemmer mot deltaking i energibyrådirektivet og ACER. Subsidiært krev me at norske styresmakter respekterer Grunnlova og handsamar denne saka etter § 115 som krev tre firedels fleirtal.